

Tiltaksplan 2010-2011

(med utgangspunkt i framlegg til Kvalitetsplan 2010-2014 og utdanningsavdelinga si tiltaksplan for skoleåret 2010-2011)

SKULE: SYKKYLVEN VIDAREGÅANDE SKULE

Kvalitetsområde: Tilpassa opplæring som grunnlag for meistring

Tiltak: Tidleg innsats gjennom kartlegging av elevføresetnadar	Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)
Overgong ungdomsskule/vgs	Vidareutvikle årsplanen for samarbeidet rundt elevar med rett til spesialundervisning og elevar som har ekstra behov. Sykkylven vgs med i pilotering med <i>nettverksgrupper</i> for vg1-elevar etter modell frå Asker og Bærum.
Bekymringsmelding til ressursteam	Bevisstgjere faglærer/kontaktlærer om ansvar for å melde inn bekymringsmelding på elev dersom elev ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Fokus på kva tiltak faglærer/kontaktlærer har gjennomført. Fokus på rask og god tilbakemelding frå ressursteam.
Kartlegginga av vg1-elevane sine kunnskapar i norsk, engelsk og matematikk	Vidareføre bruk av dataprogrammet Kartleggeren. Gjennomføring i august/september 2010. Faglærer må hente ut resultat for kvar elev og skrive inn i samla vurderingsskjema som skal til elev (kontaktlærer har ansvaret). Ressursteam drøfter alle resultat saman med PPT og gjer nødvendige tiltak.
Tiltak: Mål og planar	
Konkretisere kompetansemål	Vidareføre praksisen med å konkretisere kompetansemål/læringsmål på arbeidsplanen til elevane. Oppfølging ved oppstart av timen og spørsmål ved avslutning av timen – Kva har vi lært?
Årsplan-halvårsplan-arbeidsplan	Bruke planane meir aktivt saman med elevane. Synleggjere læringsmål, forventningar og tempo.
Tiltak: Arbeidsoppgåver og tempo	
Differensiering	Differensiering må vere tydleg på arbeidsplanen. Kursing i læringsstilar. Elevane må kunne velje mellom ulike læringsstilar for å nå eit læringsmål. Elevaktivitet og praktiske oppgåver.
Tiltak: Organisering	
Tilpassa oppgåver	Faglærer lagar eige opplegg tilpassa smågrupper etter behov. Smågrupper i fellesfag på yrkesfag.
Fagdag studiespesialisering	Rom for fleksibelt opplegg i samarbeid med elevar. Faglærer må variere arbeidsmåtar gjennom dagen.
Lengre økter programfag yrkesfag	Rom for meir fleksible arbeidsformer. Prosjektbasert opplæring.
Tiltak: Læringsarena og læringsmiddel	
CdOrd6	Vidareføre bruken av støtteprogrammet cdord6 til alle elevar. Det er behov for meir kursing og oppdatering. Norsk og engelsklærarane får hovudansvaret. Oppstart august/september 2010.
Internasjonalisering	Arbeide vidare med EU finansierte prosjekt som Comenius og Leonardo.

Alternative læringsarenaer (næringsliv, nærmiljø)	Nytte nettverket "Læring på felles arena". Robot og matematikk i Lektor II ordninga. Korte ekskursjonar med klare mål og forventningar. Ungdomsbedrift som metode også på studiespesialisering.
Tiltak: Arbeidsmåtar	
Yrkesretting	Samarbeide med programfaga på yrkesfag. Utvikle fleire tverrfaglege prosjekt. Fellesfaglærarar bør kunne noko om dei aktuelle yrka som gjeld fagområda. Bruke verkstad og bedrift som opplæringsarena.
Varierte arbeidsmåtar	Kartlegge læringsstilar ved oppstart av skuleåret (kontaktlærar). Arbeid med konkretiseringsmaterieill og praktiske oppgåver. Arbeid med læringsstrategiar. Faglærar har hovudansvaret.
Tiltak: Vurdering	
Undervegsvurdering Sluttvurdering – ulike vurderingssituasjonar	Vidareføre eksisterande skriftlege system. Arbeide meir med innhaldet i tilbakemeldingane. Meir konkrete råd for å motivere og utvikle kompetansen til elevane. Gjere klart for elevane kva som blir vurdert og korleis. Tett på elevane i opplæringa.
Vurderingskriteriar	Faglærar skal saman med elevane lage kriteriar i kvart fag.
Eigenvurdering	Faglærar skal gjennomføre eigenvurdering for elevar i fag. Utprøving av ulike modellar.
<i>Kvalitetsområde: Inkludering og medverknad</i>	
Tiltak:	Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)
Oppfølging av VIP – vidare arbeid med STEP	Vidareføre arbeid med psykisk helse. VIP for vg1 og STEP for vg2. VIP vår 2011. STEP haust 2010.
Handlingsplan mot mobbing	Synleggjere handlingsplanen mot mobbing i samarbeid med Skulemiljøutvalet. Felles forståing av omgrepet. Datamobbing /sms. Ekskludering/utestenging.
Handlingsplanen til kontaktlærar	Bruke planen meir aktivt i basismøta kvar torsdag saman med elevane.
Handlingsplan mot rus	Synleggjere handlingsplanen mot rus i samarbeid med Skulemiljøutvalet og Arbeidsmiljøutvalet.
Læringsstrategiar	Kartlegging i august/september 2010. Kontaktlærar har ansvaret for kartlegging. Faglærar har ansvar for oppfølging.
Kantina til studierom	Høve til å stenge av kantinedelen slik at kantina kan vere opa også etter kl 12 for sosialt samvær og studiar. Planlegging august 2010.
Skulemat "Mat frå hjartet"	Eiga abonnementsordning for varm og sunn lunsj med bruk av kortreist og økologisk mat. Oppstart august 2010.
<i>Kvalitetsområde: Samarbeid og samanheng i den 13-årige grunnpplæringa</i>	
Tiltak:	Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)
Årsplan for overgang ungdomsskule - vidaregåande	Vidareutvikle årsplanen for overføring av informasjon
Tverrfagleg møte	Vidareføre møta ein gong i månaden med PPT, OT og NAV for elevar som har særskilte behov.
Nettverksgrupper	Nettverk rundt elevar med særskilte behov for tett oppfølging. OT har hovudansvar. Oppstart august 2010.

Opplæringskontor	Opplæringskontora "går tett på" elevar på yrkesfag både haust og vår. Fokus på krav og muligheter i arbeidslivet.
Vidareutvikle årsplan for utdanningsval.	Vidareutvikle samarbeidet med ungdomsskulen i gjennomføringa i tråd med tidlegare år.
Utvikle informasjonshefte for samarbeid med næringsliv/lokalsamfunn for HS, DH og Studiespesialisering.	Jfr. tilsvarende plan for TP. Få hefta ut på heimesida slik at føresette og bedriftene kan nå det.
Innkalling i staden for invitasjon til samtalar med kontaktlærar på vg 1	Alle vg1 elevar og føresette får innkalling til ein samtale om karriere og yrke i september 2010. Resultat frå kartleggingsprøver og ulike karrieretestar er tema.
Fagsamtalar. Kontaktmøte	Vidareføre tilbod til føresette om samtalar med faglærarar i november 2010 (vg1 og vg2).
Vidareutvikle og konkretisere avtalar med opplæringsbedrifter	Få fleire samarbeidsbedrifter som kan vere interessante for elevane. Arbeide med meir konkretisering av innhald i avtalane for å få gode opplæringsarena for elevane.
Informasjonshefte om programområda og programfaga.	Få heftet ut på heimesida slik at også føresette kan nå det.
Kvalitetsområde: Arbeidsmiljø og kompetanseutvikling	
Tiltak:	Nærare om gjennomføring (korleis/tidsplan)
Kompetanseheving	Kurs – fagnettverk og andre fagkurs gjennom året. Kurs og kompetanseheving felles for personalet viktig – slik som seminar om klasseleiing, læringsstrategiar, osv. Grunnleggande datakunnskap. OD dagen til datakursing. Kursøkt ein gong i månaden til dataopplæring.
Prosjekt "Skulevandring"	Ein planleggingsdag i august 2010 til klasseleiing for heile personalet saman med professor Geir Halland (oppfølging av personalseminar). Skuleleiarane ut i klasserom og tett på lærarar. Fokus på god oppstart av timen. Refleksjon og støtte. Oppfølging av skuleleiarane gjennom skuleåret i regi av Geir Halland.
Tydeleg klasseleiing: arbeidsro, struktur, læringstrykk	Arbeidsro: god oppstart . Læremiddel klart <i>før</i> timen tar til. Fråver – betre oppfølging. Klare retningsliner for fråversføring. Ordensreglar – få punkt, felles for alle. Læringstrykk – fortsette god bruk av arbeidsplanar (årsplan, halvårsplanar, vekeplanar). Utvikle desse vidare. Eigenvurdering – utvikle god praksis, auke kompetansen/forståinga i kollegiet.
Organisering av arbeidstida: skape rom for samarbeid og utvikling av eigen praksis	Fortsette god praksis med TSG-møter, samarbeidstimar, fagleg samarbeid osv. Fagmøte inn på fast plan (onsdagsmøte). Trinnmøte som no: 2 gongar pr basisgruppe pr halvår.
Ivareta arbeidsmiljø og arbeidsvilkår	Nytt arbeidsrom for lærarane – større skrivebord, arbeidsro, lys, ventilasjon, osv. Behov for fleire grupperom til elevsamtalar.
Liste arbeidsoppgåver	Vidareføre praksisen der alle tilsette får tildelt ulike utanomfaglege oppgåver gjennom året (ferdig i august 2010).